

Arkivnr: 2017/13666-16

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 24.04.2018 |
| Fylkesutvalet | | 03.05.2018 |

Arrangementstilskot Trond Mohn games 22. august 2018**Samandrag**

I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss: Kultur, heiter det at «store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.» Og «Store og små arrangement, anlegg og idrettsaktivitet skapar store ringverknader for næringslivet lokalt og i regionen. Dette gjeld til dømes varehandel, overnattingsstader, kafear og restaurantar. Store nasjonale og internasjonale arrangement set staden og regionen på kartet. Oppslag i media er god reklame for stadane der arrangementa skjer, og der idrettstoppane kjem frå.

I retningslinene for tilskotsordninga for arrangementstilskot heiter det: *Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot for store nasjonale og internasjonale meisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknadar for næringslivet. Arrangement bør vise til god geografisk spreining av deltakarane, god rekruttering og opplæring av frivillige, nasjonal mediedekning og ringverknader for næringslivet.*

Det har med jamne mellomrom vore arrangert store friidrettsstevner i Bergen; Bislett Games Bergen i 2003, EM i friidrett for lag i 2009 og 2010. I 2020 skal Fana IL i samarbeid med ein rekke friidrettsklubbar arrangere NM for seniorar. Fana stadion har vore arena for desse stevnene og anlegget har vore gjennom kontinuerleg oppgradering for å kunne vere hovudanlegg for nasjonale og internasjonale friidrettsstevner i Hordaland.

Friidrettsmiljøet i Bergen har opparbeidd god kompetanse som arrangør av større stevner, og det har vore ein svært positiv utvikling særleg blant yngre utøvarar i Bergen og regionen. Fleire meisterskap og store friidrettsstevner vil difor kunne ha stor verdi både som inspirasjon og kompetansebygging, og som godt grunnlag for vidare rekruttering av barn og ungdom.

Søknadsfristen for arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap for 2018 var 20. august 2017. Søknadane vart handsama som del av budsjettet i fylkestinget i desember i 2017.

Hordaland fylkeskommune mottok 14. mars 2018 ein søknad frå Norna-Salhus IL, på vegne av fleire idrettslag i Hordland, om kr 500.000 i arrangementstilskot til Trond Mohn games på Fana stadion den 22. august 2018. Totalkostnad på arrangementet er omlag kr 4 mill. Fylkesrådmannen vel å sakshandsame denne søknaden utanfor ordninga på grunn av behov for rask avklaring. Det er sendt tilsvarande søknad til Bergen kommune. Søkar skriv i sin søknad at Bergen kommune har stadfesta at dei bidreg med kr 500.000 til arrangementet.

Bakgrunnen for arrangementet er at Trond Mohn fyller 75 år i 2018. Friidretten og idretten generelt i Hordaland ønskjer å gje noe attende til Trond Mohn i form av eit internasjonalt friidrettsstevne med innslag av andre idrettar på Fana stadion 22. august. Stemnet vert arrangert i samråd med Trond Mohn.

Arrangøren ønskjer å få med dei beste friidrettsutøvarane i Noreg og internasjonale utøvarar. På dette stemne vil det og delta utøvarar frå andre idrettar/idrettslag som Trond Mohn har støtta.

Økonomi: Tilskota vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto

Klima:

Folkehelse: Bidra til eit breitt kultur- og idrettstilbod. Kompetanseauke i kommunane og idretten i Hordaland (arrangementskompetanse). Aktivitet og trivsel i nærmiljøet.

Regional planstrategi: Gjennomføring av regional kulturplan

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 500.000 til gjennomføringa av Trond Mohn Games 22. august 2018

Tilskot vert tildelt frå Fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto. For 2018 er denne på kr 1 754 000,-.

Budsjettet vert endra slik:

10.720.200.00.14900 går ned med kr 500 000,-. 10.400.410.00.14700 aukar med kr 500 000,-.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.